Avdrag på lån	19 018	16 000	20 725	22 905	26 200	28 325
<b>NETTO FINANSUTGIFTER</b>	<b>15 112</b>	<b>12 531</b>	<b>25 291</b>	<b>34 567</b>	<b>42 981</b>	<b>49 106</b>
Motpost avskrivninger	-20 653	-23 092	-23 092	-23 092	-23 092	-23 092
<b>NETTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>-20 595</b>	<b>-2 324</b>	<b>-22 095</b>	<b>-15 390</b>	<b>-102</b>	<b>-1 808</b>
Disponering eller dekning av netto driftsresultat	0	0	0	0	0	0
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	16 494	14 500	14 500	14 500	14 556	14 510
Bruk av bundne driftsfond	-12 213	-7 471	-7 390	-7 686	-7 000	-7 317
Avsetninger til disposisjonsfond	16 314	1 097	23 645	10 575	447	1 347
Bruk av disposisjonsfond	0	-5 802	-8 660	-2 000	-7 901	-6 732
Dekning av tidligere års merforbru	0	0	0	0	0	0
<b>SUM DISPONERINGER ELLER DEKNING AV NETTO</b>	<b>20 595</b>	<b>2 324</b>	<b>22 095</b>	<b>15 390</b>	<b>102</b>	<b>1 808</b>
<b>FREMFORRT TIL INNDEKNING I SENE</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## 5.2. Bevilgningsoversikt drift etter KS vedtak

Tal i tusen kr

Bevilgning jf. § 5-4	Regnskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2022	2023	2024	2025	2026	2027
Rammetilskudd	-101 113	-107 000	-115 000	-115 000	-115 000	-115 000
Inntekts- og formuesskatt	-89 876	-104 300	-110 300	-110 300	-110 300	-110 300
Eiendomsskatt	-31 765	-31 900	-37 900	-37 900	-37 900	-37 900
Andre generelle driftsinntekter	-66 161	-36 235	-58 535	-48 535	-38 935	-34 935
<b>SUM GENERELLE DRIFTSINNTEKTER</b>	<b>-288 914</b>	<b>-279 435</b>	<b>-321 735</b>	<b>-311 735</b>	<b>-302 135</b>	<b>-298 135</b>
<b>Sum bevilgninger drift, netto</b>	<b>253 208</b>	<b>264 632</b>	<b>274 402</b>	<b>261 831</b>	<b>259 104</b>	<b>247 274</b>
Avskrivninger	20 653	23 039	23 039	23 039	23 039	23 039
<b>SUM NETTO DRIFTSUTGIFTER</b>	<b>273 860</b>	<b>287 672</b>	<b>297 441</b>	<b>284 870</b>	<b>282 144</b>	<b>270 313</b>
<b>BRUTTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>-15 054</b>	<b>8 237</b>	<b>-24 294</b>	<b>-26 865</b>	<b>-19 992</b>	<b>-27 822</b>
Renteinntekter	-5 061	-3 210	-8 210	-7 210	-7 210	-7 210
Utbytter	-6 461	-6 500	-7 000	-7 000	-7 000	-7 000
Gvinster og tap på finansielle omløpsmidler	561	0	0	0	0	0
Renteutgifter	7 054	6 241	19 776	25 872	30 991	34 991
Avdrag på lån	19 018	16 000	20 725	22 905	26 200	28 325
<b>NETTO FINANSUTGIFTER</b>	<b>15 112</b>	<b>12 531</b>	<b>25 291</b>	<b>34 567</b>	<b>42 981</b>	<b>49 106</b>
Motpost avskrivninger	-20 653	-23 092	-23 092	-23 092	-23 092	-23 092
<b>NETTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>-20 595</b>	<b>-2 324</b>	<b>-22 095</b>	<b>-15 390</b>	<b>-102</b>	<b>-1 808</b>
Disponering eller dekning av netto driftsresultat	0	0	0	0	0	0
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	16 494	14 500	14 500	14 500	14 556	14 510
Bruk av bundne driftsfond	-12 213	-7 471	-7 390	-7 686	-7 000	-7 317
Avsetninger til disposisjonsfond	16 314	1 097	23 645	10 575	447	1 347
Bruk av disposisjonsfond	0	-5 802	-8 660	-2 000	-7 901	-6 732
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0
<b>SUM DISPONERINGERELLER DEKNING AV</b>						
<b>NETTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>20 595</b>	<b>2 324</b>	<b>22 095</b>	<b>15 390</b>	<b>102</b>	<b>1 808</b>



### 5.3. Rammer pr ansvar og pr hovudområde. Skjema 1B, etter KS vedtak Heile tal

	Bevilgning jf. § 5-4	Regnskap					
		2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
1000 Kommunedirektør	6 008 443	7 265 278	7 358 860	2 358 860	-7 641 140	-16 641 140	
1001 Politisk nivå	6 815 732	4 789 877	11 574 433	10 574 433	7 574 433	7 574 433	
1002 Næringsliv	4 317 278	4 399 900	12 147 445	5 647 445	5 147 445	5 147 445	
1003 Den Norske Kirke	4 100 000	3 250 000	3 300 000	3 300 000	3 300 000	3 300 000	
1100 Fagområde IKT	4 039 603	3 740 436	4 428 051	4 428 051	4 428 051	4 428 051	
1101 Ikt RITS	6 719 396	10 264 358	10 254 379	10 254 379	10 254 379	10 254 379	
1200 Kundesenter	2 742 257	3 430 186	2 933 854	2 933 854	2 933 854	2 933 854	
1300 Plan, utvikling og forvaltning	4 220 814	5 451 634	5 472 956	5 472 956	5 472 956	5 472 956	
1400 Økonomi	4 504 879	5 697 763	6 690 011	6 690 011	6 690 011	6 690 011	
1600 Organisasjon, HR og beredskap	6 366 018	6 720 468	7 141 089	7 141 089	7 141 089	7 141 089	
1800 Fellesutgifter	-36 092	398 223	1 433 223	1 433 223	1 433 223	1 433 223	
2000 Oppvekst	8 609 700	7 776 045	11 731 317	10 231 317	10 231 317	10 231 317	
2010 Kulturskolen	2 664 678	2 607 007	2 590 291	2 590 291	2 590 291	2 590 291	
2100 Hjelmeland skule	31 982 110	33 269 800	34 258 619	34 258 619	34 258 619	34 258 619	
2200 Årdal skule	10 513 183	10 094 938	10 162 382	10 162 382	10 162 382	10 162 382	
2400 Fister skule	8 398 667	10 040 668	7 747 408	7 747 408	7 747 408	7 747 408	
2500 Hjelmeland barnehage	11 748 616	14 063 024	13 438 099	13 438 099	13 438 099	13 438 099	
2530 Jøsenfjorden barnehage	2 528 597	2 932 909	2 478 947	2 478 947	2 478 947	2 478 947	
2600 Årdal barnehage	7 516 793	8 133 207	9 036 144	9 036 144	9 036 144	9 036 144	
2700 Fister barnehage	5 560 606	6 334 646	6 507 936	6 507 936	6 507 936	6 507 936	
2800 Flyktingetenesta	6 762 580	7 429 362	15 131 761	13 131 761	8 711 761	8 511 761	
2900 Vaksenopplæring	59 482	-310 889	-268 501	-268 501	-268 501	-268 501	
3000 Helse og omsorg	1 316 591	4 597 536	6 276 393	4 776 393	4 776 393	4 776 393	
3100 Hjelmeland omsorgsenter	29 387 489	30 328 638	32 008 873	31 768 873	31 691 896	31 691 896	
3110 Tilrettelagde tjenester	4 034 158	5 735 876	3 593 890	3 593 890	3 593 890	3 593 890	
3200 Årdal omsorgsenter	25 696 944	22 673 104	23 166 160	23 130 160	23 130 160	23 130 160	
3300 NAV	3 956 803	5 394 500	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000	
3400 Barn og familie	9 485 617	10 425 823	12 045 526	12 045 526	12 045 526	12 045 526	
3500 Helse	18 650 403	18 901 665	18 987 577	18 907 577	18 907 577	18 907 577	
5000 Kultur og fritid	6 377 745	6 322 494	7 748 912	6 498 912	6 498 912	6 398 912	
6000 Bygg og anlegg	25 972 892	26 123 943	31 974 671	28 674 671	29 674 671	25 674 671	
6003 Renhold	9 225 474	8 786 613	8 302 321	8 302 321	8 302 321	8 302 321	
6025 IVAR vann og avløp	-5 063 523	-2 642 100	-4 464 550	-4 169 250	-4 610 868	-4 547 276	
6006 Brann og redning	5 844 578	4 104 911	5 257 212	5 257 212	5 257 212	5 257 212	
9000 Skatt, overføringer, lån, finans	-27 827 945	-33 899 496	-61 054 240	-51 054 240	-35 842 240	-34 736 240	

Her ligg omstillinga inne på ansvar 1000


I denne tabellen er bruk av fond utelate

Presentasjonane for kvart hovudområde er ikke revidert etter KS vedtak, dette fylgjer kommunedirektørens presentasjon

Pr hovudområde

Områder	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Administrasjon og staber	34 417 979	38 876 403	48 880 046	47 880 046	44 880 046	44 880 046
Samfunn og Næring	62 801 038	61 869 681	76 837 371	66 087 371	66 587 371	62 487 371
Oppvekst	96 345 012	102 370 717	112 814 403	109 314 403	104 894 403	104 694 403
Helse og omsorg	92 528 005	98 057 142	101 078 419	99 222 419	99 145 442	99 145 442
IVAR vann og avløp	-5 063 523	-2 642 100	-4 464 550	-4 169 250	-4 610 868	-4 547 276

I denne samanlikninga er det korrigert for omstilling på kommunedirektør sitt ansvar. Tala for omstilling ville gitt tal som ikkje var samanlignbare



Det er ganske lik fordeling i perioden når me ser på fordelinga utan omsyn til omstillinga på NOK 44 mill. Koss omstillinga skal riggast blir ei prioriteringssak

### 5.3.1 Administrasjon og staber

Administrasjon og staber inkluderer :

1000 Kommunedirektør  
1001 Politisk nivå  
1600 Organisasjon HR og Beredskap, inkl brann og redning  
1400 Økonomiavdeling  
1100 Prosjekt og Digitalisering  
1101 RITS

Kommunedirektøren er øverste leder i kommunen, personalansvar for ledergruppen som består av kommunalsjef Helse og omsorg, kommunalsjef Oppvekst, kommunalsjef Samfunn og næring, Leder HR / organisasjon og beredskap og Økonomisjef.

Det har vore fleire omorganiseringar innan området. Det har og vore skiftande behov for kompetanse ut i frå føringar og prioriteringar. Totalramme og ansette må sjåast i saman med Samfunn og næring.

Politisk nivå inkluderer folkevalde og politisk sekretariat Har ansvar for drifta av politiske styrer, råd og utval, Gjennomføring av stortings- og kommune- fylkestingval

Politisk har auka ramme i høve til ny avtale om kommunalt bidrag til Ryfylke IKS/ Ryfylkefondet. Dette vart omtala i forrige tertialrapport. Avtala gjeld ut 2024. Det er sannsynleg at avtale blir reforhandla då, men me legg til grunn gjeldande avtale.

HR organisasjon og beredskap inkluderar lønn og personal, HMS, tillitsvalde og personvernombud. Frå 2022 er også overordna beredskap og operativ brann og redningsteneste knytta opp til denne avdelinga.

Avdelinga har ansvar for løn og lønnskjøring, personalsaker, rekruttering og HMS/ personverneombud. Løn og personal tenester er organisert sentralt og skal gje råd og veiledning til ledere i personal og arbeidsgjever spørsmål i alle einingar

Økonomi avdelinga har ansvar for fleire av av kommunens strategiske planar og rapportering til politisk nivå. Økonomiavdelinga har vidare ansvar for rekneskap, faktura, budsjett, økonomistyring, eigedomsskatt, finans og avtalar innkjøp og oppfølging innkjøp.. Økonomi er organisert sentralt og skal gje tenester til alle einingar innan økonomiområdet.

Dei to direkte støtteavdelingane Økonomi, Løn og personal tilstreber å gje god støtte til einingane og sikra at leiarar med økonomi- og personalansvar skal ha god oversikt over økonomien og god kontroll på personalansvaret. Det blir også lagt vekt på utvikling og effektivisering.

I 2024 skal me over i Visma sky løysing for Økonomi og Løn/ HR systemet Visma Enterprise. Det vi bli ei utfordring og vil krevja engasjement og innsats av ansette.

Det blir viktig å følgja opp tett på budsjettdisiplin framover. Det har vore lite press på einingar til å setja igong tiltak for å halda budsjetta dei seinare. Årsaka har vore kapasitet på økonomiavdelinga og at kommuneøkonomien har vore god og stabil de seinare åra. No prioriterar med budsjettoppfylging og vil følgja ein plan med månadlege møter for tettare budsjettoppfylging. Økonomiavdelinga har og teke på seg ansvar for økonomistyring for nye flyktingar og ei rolle innan husbanken og startlån.

Prosjekt og digitalisering er ein avdeling som er samansett av tidlegare ressursar på bygg og anlegg og kundesenter samt rådgjevar i stab. Prosjekt delen har ansvar for investeringsbudsjett og oppfylging av investeringar. Digitaliseringsdelen driver med kontinuerleg forbetring av prosesser og mest mogleg bruk av digitale løysningar.

RITS, nytt felles oppgåvefellesskap for IT tenester.

## Kommentar frå dagleg leiar

RitS er i sitt første driftsår etter at selskapet ble etablert som et eget foretak, hvilket betyr at det gjennomføres mange aktiviteter på ulike plan for å få satt ting i drift.

RitS opererer etter den vedtatte administrative styringsmodellen, for å sikre interkommunal samhandling, helhetlig tjenestestyling og omstilling. Vi skal levere et bærekraftige tjenester og jobbe målrettet for standardisering og stordriftsfordeler som kommer felleskapet til gode, noe vi forventer å se umiddelbare effekter av.

Etter hvert som vi blir mer digitale, stilles det også økende krav til helhetlige, sømløse og robuste tjenesteleveranser. I dette ligger for eksempel sikkerhetsfokus i anskaffelse og leveranser av fagsystemer, kontroll på verdikjede, enheter og løsninger. I tillegg til suksessfaktoren økt bevisstgjøring og økt sikkerhetsadferd gjennom ulike kompetansehevingstiltak hos ansatte. IT sikkerhet er et komplekst landskap, og trussel aktørene blir stadig mer profesjonelle i utøvelse av sine handlinger, noe som igjen er meget utfordrende for kommunal sektor som i utgangspunktet har begrensede økonomiske rammer. Vi har i RitS jobbet strukturert og målrettet med IKT sikkerhet på mange plan, og i parallell er det er gjort ulike strategiske anskaffelser innenfor området som skal bidra til at vi får tilført ytterligere sikring, kompetanse og rådgivning for å styrke oss ytterligere.

### Leverandørmarkedet er i endring

Det er også en utfordring for RitS kommunene at leverandørene vil ha oss over på egne skyløsninger med lav ferdigstillelsesgrad og i tillegg endrer sine prismodeller. Dette gir en direkte konsekvens med økt ressursbruk, økte driftskostnader og reduserte investeringskostnader for kommunene etter hvert som vi går over i sky.

## Rammer pr ansvar innan området

	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Administasjon og staber	34 417 979	38 876 403	48 880 046	42 880 046	29 880 046	20 880 046
Utan omstillingstala	34 417 979	38 876 403	48 880 046	47 880 046	44 880 046	44 880 046
1000 Kommunedirektør	6 008 443	7 265 278	7 358 860	2 358 860	-7 641 140	-16 641 140
1001 Politisk nivå	6 815 732	4 789 877	11 574 433	10 574 433	7 574 433	7 574 433
1100 Prosjekt og digitalisering	4 039 603	3 740 436	4 428 051	4 428 051	4 428 051	4 428 051
1101 Ikt RITS	6 719 396	10 264 358	10 254 379	10 254 379	10 254 379	10 254 379
1400 Økonomi	4 504 879	5 697 763	6 690 011	6 690 011	6 690 011	6 690 011
1600 Organisasjon, HR og beredskap	6 366 018	6 720 468	7 141 089	7 141 089	7 141 089	7 141 089
1800 Fellesutgifter	-36 092	398 223	1 433 223	1 433 223	1 433 223	1 433 223

I prosjektavdelinga vil ein del av lønskostnadane bli overføre til respektiv tidsbruk på investeringsprosjekter. Dette blir gjort i årsrekneskapen.

### Tiltak som er teke med

Kapittel	2024	2025	2026	2027	
Kommunedirektør	-	- 5 000 000	- 15 000 000	- 24 000 000	Omstilling

## 5.3.2 Oppvekst

### Kommentarar frå Kommunalsjef oppvekst

Tenesteområdet oppvekst består av barnehagar, skular (inkl. kulturskulen) og flyktningetenesta i Hjelmeland kommune.

## BARNEHAGE

Alle dei fire barnehagane våre har for tida ei aktiv satsing på vaksenrolla og relasjonskompetansen i personalet, mellom anna knytta til leik i barnehagen. Satsingsområdet er valgt ut av barnehagane sjølv som tema for tiltaket "Partnerbarnehage", der vi er deltakarar i 2023-2024. "Partnerbarnehage", der vi mellom anna har med oss to partnerar frå Universitetet i Stavanger (UiS), er eit tiltak for lokal kompetanseutvikling gjennom utdanningsregion Midt-Rogaland.

Barnehagane våre har løpande opptak, der nye barn potensielt blir tekne inn gjennom heile året. Dette er ei god ordning for familiar i Hjelmeland, og kanskje særleg for dei som kjem flyttande til kommunen midt i barnehageåret. Samstundes kan dette skapa nokre utfordringar i barnehagane, både fagleg og økonomisk. På det faglege planet vil eit "stadig mottak" av nye barn, gjere at barnehagane på mange måtar står i ein "konstant tilvenningssituasjon", der det alltid er enkeltbarn som må få særskilt oppfølging fordi dei er nye, noko som kan gå ut over stabiliteten og resten av barnegruppa. Når det gjeld økonomiske utfordringar, er dette knytta til barnehagen sine bemannings- og pedagognormar, der nye barn som kjem midt i året kan føre til nye tilsetjingar i barnehagane. Det er ikkje lett å få formelt kompetente personar på plass midt i året, noko som gjerne kan føre til auka vikarkostnadar og administrasjon rundt dette.

Sjølv om det berre er i underkant av 130 barn totalt i hjelmelandsbarnehagane, vil det truleg vere behov for fire barnehagar også dei neste åra. Med tanke på at føresette må både hente og bringe i barnehagen kvar dag, er det vanskelegare å sjå for seg å gå vekk frå ei desentralisert ordning her, enn det kan vere på skule, der elevane har tilbod om skuleskys.

## SKULE

Skulane våre var i januar 2023 ferdige med eit samarbeidsprosjekt med UiS, også dette eit tiltak gjennom utdanningsregion Midt-Rogaland. I prosjektet vart det jobba med aktive elevar (barneskulane) og vurdering (ungdomsskulane), og sjølv om prosjektet er over, vil særleg dette med aktive elevar vere eit satsingsområde framover, for alle skulane i Hjelmeland kommune. Korleis satsinga blir "rigga" er ikkje avklart enno, men vi tek med oss dette inn i ei ny ordning for utdanningsregionen, nemleg "Skulebaserte partnerskap", der vi både samarbeider med UiS og Strand kommune. Det kan også bli aktuelt å ta med det pågåande arbeidet for betre opplæring og rutinar for handtering av elevar med utfordrande atferd inn i samarbeidet.

Det kan vere utfordrande å få på plass formelt kompetente tilsette i skulane våre, særleg når det kjem til vikarstillingar. Det gjer det ikkje lettare at dei omlag 200 barneskuleelevane våre er fordelt på tre skular, noko som gir få elevar per lærar, og difor eit større lærarbehov enn kva tilfellet ville vore med færre skular og større klassar.

Så veit vi at trenden, både nasjonalt og lokalt, er at vi framover må bruke meir pengar på eldreomsorg og mindre på skule. Med den desentraliserte skulestrukturen vi har i Hjelmeland, er det begrensa kor mykje meir ein kan spare, sjølv med synkande elevtal. Dette fordi lønn er den største kostnaden innan skuledrift, og talet på tilsette som hever lønn er knytta til talet på klassar i kommunen. Det er berre to måtar å få ned talet på klassar i kommunen, og det er å samle fleire trinn i same klasserom på skulane våre, eller å legge ned ein eller fleire skular og flytte elevane inn i eksisterande klassar ved andre skular. Av desse to alternativa er det truleg det siste som vil gi størst innsparing, og som i liten grad risikerer å virke negativt inn på den pedagogiske kvaliteten.

## KULTURSKULE

*Kulturskulen i Hjelmeland tilbyr undervisning i musikk og dans, i tillegg til at det hausten 2023 også er eit tilbod om teiknekurs. Deltakinga er jamt over stabil og god, sjølv om det svingar noko frå år til år. Kulturskulen har også eit samarbeid med skulane i kommunen om den ordinære musikkundervisninga på enkelte trinn, eit samarbeid som alle elevane i kommunen vil nyte godt av, sidan det er laga ein plan som sikrar at alle elevane får denne undervisninga i løpet av grunnskulen.*

*Kulturskulen har hatt ein stabil personalsituasjon dei siste åra. Det var difor spanande å sjå om vi kom til å få ny danselærar, då det vart behov for å lysa ut dette våren 2023. Heldigvis kom det fleire gode søkjarar på stillinga, som endte i tilsetting av ny lærar frå og med hausten 2023. Slike stillingar, som gjerne ikkje er 100%, og ofte blir kombinert med andre stillingar, kan vere vanskelege å bemanna i distriktskommunar som Hjelmeland. Dette er ei potensiell utfordring framover i kulturskulen vår.*

## FLYKTNINGETENESTA

*Flyktingetenesta i Hjelmeland har dei to siste åra tatt imot historisk mange flyktingar, med totalt 115 personar i 2022-23. Målet er at alle skal bli tatt godt imot, få ein plass å bu, læra språk og gjennom ulike tiltak bli integrert i samfunnet på ein god måte. For å nå dette målet har det vore naudsynt å utvida flyktingetenesta med fleire personar, og få på plass fleire roller, mellom anna ein programrådgjevar som særleg fylgjer opp flyktingane sine introduksjonsprogram.*

*Det er knytta stor usikkerheit til kor mange flyktingar vi vil få anmodning om i åra framover. Dette har mellom anna samband med situasjonen i Ukraina, men også med korleis IMDI fordeler flyktingane som kjem til dei ulike kommunane i Noreg. Dei siste åra har dei små kommunane tatt imot langt fleire enn store kommunar, dersom ein reknar i prosent av innbyggartalet. Vi har fått signaler på at det kan bli hakket færre flyktingar til Hjelmeland dei neste åra, sjølv om det totale talet flyktingar til Noreg framleis er stabilt høgt.*

Rammene innan oppvekst

	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Oppvekst	96 345 012	102 370 717	112 814 403	109 314 403	104 894 403	104 694 403
2000 Oppvekst	8 609 700	7 776 045	11 731 317	10 231 317	10 231 317	10 231 317
2010 Kulturskolen	2 664 678	2 607 007	2 590 291	2 590 291	2 590 291	2 590 291
2100 Hjelmeland skule	31 982 110	33 269 800	34 258 619	34 258 619	34 258 619	34 258 619
2200 Årdal skule	10 513 183	10 094 938	10 162 382	10 162 382	10 162 382	10 162 382
2400 Fister skule	8 398 667	10 040 668	7 747 408	7 747 408	7 747 408	7 747 408
2500 Hjelmeland barnehage	11 748 616	14 063 024	13 438 099	13 438 099	13 438 099	13 438 099
2530 Jøsenfjorden barnehage	2 528 597	2 932 909	2 478 947	2 478 947	2 478 947	2 478 947
2600 Årdal barnehage	7 516 793	8 133 207	9 036 144	9 036 144	9 036 144	9 036 144
2700 Fister barnehage	5 560 606	6 334 646	6 507 936	6 507 936	6 507 936	6 507 936
2800 Flyktingetenesta	6 762 580	7 429 362	15 131 761	13 131 761	8 711 761	8 511 761
2900 Vaksenopplæring	59 482	-310 889	-268 501	-268 501	-268 501	-268 501

Hovudårsaka til auka budsjett 2024 flyktingetenesta .

Det kjem fram i tala at i opprinneleg budsjett 2023 så låg det inne kutt på ansvar 2000, til fordeling på einingane i løpet av året. Dette var på bakgrunn av tidlegare budsjettvedtak for 2022-2025




*Vedtak budsjett og handlingsplanene for 2022- 2025 og 2023-2026*

Kapittel : Oppvekst						
Tiltak	001: 2000 reduksjon oppvekst, fra bud 2022-2025					
Beskrivelse	Naudsynt reduksjon oppvekst, færre elevar					
	Vedtatt i budsjett 2022, handlingsplan 2023-2025					
	2023	2024	2025	2026	Totalt	
Sted	Ansvar: Oppvekst (2000)					
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	- 1 874 670	- 3 749 340	- 3 749 340	- 3 749 340	- 13 122 690	

Demografi kostnader som vist tidlegare gjer ein tydelig signal om omstilling og prioriteringar, me vil få mindre midler til grunnskule og barnehagar og meir overføringera retta mot eldre og omsorgstenester.

Dette har vore tatt opp i budsjett og handlingsplan sia 2021, og i 2 år har det vore vedteke reduksjonar innan oppvekst/ skulesektor. Det har me klart i 2023, men det blir uttrykt fra kommunalsjef oppvekst at det blir vanskeleg å redusera meir ut i fra slik grunnskulen er organisert pr i dag. Difor har med førebels endra vedtak om heilårseffekt i 2024. Me har i oppretthaldt kuttet på Fister skule, vedtatt i juni 2023, tertialrapporten. I same sak blei det auka med 50% årsverk til særskild norskopplæring på Hjelmeland og Årdal skule. Det er sett inn ei ramme på kr 1,5 mill i kun 2024, slik at oppvekst får eit ekstra år på å planlegge meir reduksjonar.

Me har sett på samanhengen mellom årsverk og elevar på skulane




Denne ressursbruken er pr elev er høg og det er spelt inn behov for endå meir ressursar

Det kan me ikkje imøtekomma med dei føringane me ser i utvikling demografi og sentrale rammer dei neste åra

Eit uttrekk frå kostra grunnskule gjer oss dette biletet:



	2018	2019	2020	2021	2022
<b>1133 Hjelmeland</b>	<b>158 349</b>	<b>185 445</b>	<b>181 492</b>	<b>193 791</b>	<b>212 828</b>
1134 Suldal	158 207	161 604	158 178	184 887	198 552
EKG06 KOSTRA-gruppe 6	178 716	192 252	163 008	177 191	184 415
1114 Bjerkreim	122 694	133 641	136 531	156 071	164 752
1130 Strand	103 310	110 453	114 937	120 205	130 689



Me ligg høgare enn fleire samanlignbare kommunar, kostragruppe 6 er kommunar med rimeleg god økonomi, og dei fleste er små distriktskommunar. Dei har låge over oss tidlegare.

Tiltak som er teke inn under oppvekst

Kapittel	2024	2025	2026	2027	Tiltaksnavn	Beskrivelse
Oppvekst	1 500 000	-	-	-	2000 ramme oppvekst	Fri ramme til 2024, forberede omstilling
Oppvekst	- 1 374 758	- 1 374 758	- 1 374 758	- 1 374 758	2400 Fister skule reduisert årsverk	Videreføring av kutt 2 årsverk, vedtak 1 tertial for skoleåret 23/24

Meininga med fri ramme er at kommunalsjef skal prioritera innan dei tiltaka som er spelt inn  
Summen på kr 1,5 mill gjeld kun for 2024.

## Tiltak som det ikkje er funne rom for

Kapittel	2024	2025	2026	2027	Tiltaksnavn	Beskrivelse
Oppvekst	912 339	912 339	912 339	912 339	2100 Auka årsverk	Hjelmeland skule fekk i 1 tertial tildelt 50% stilling for norsk undervisning. I tillegg ber skulen om få 1,2 ytterligere årsverk frå 2025
Oppvekst	50 000	-	-	-	2100 Møbler SFO	Barnetalet i SFO har auka, me snakkar nærare ei dobling. Dei treng fleire møbler for å kunne ha plass til alle.
Oppvekst	50 000	-	-	-	2100 Nye elevstolar og pultar	Me må skifte ut ein del øydelt pultar og stolar på både barneskulen og u-skulen. Me har mykje gammalt og auka elevtal på u-trinnet. Treng derfor 50000 ekstra i tillegg til normalen.
Oppvekst	90 000	-	-	-	2100 Ruste opp personalrommet	Personalrommet har eit hybelkjøkken, som er slitt og det integrerte kjøleskapet er i ustand. Rommet treng og å få skifta ut nokre bord og stolar.
Oppvekst	75 000	-	-	-	2100 Ruste opp skulekjøkken	På grunn av stor auke av barn på SFO treng me eit kjøkken som har kapasitet til å lage mat til 45 barn om gongen. Ny oppvasksteamer og komfyr + tilpassing av desse

Kapittel	2024	2025	2026	2027	Tiltaksnavn	Beskrivelse
Oppvekst	912 339	912 339	912 339	912 339	2200 Auka årsverk	Årdal skule fekk 50% nye årsverk i 1 tertial, skulen ber om ytterlegare 1,2 årsverk frå 2024
Oppvekst	95 000	-	-	-	2200: Uteskule klasserom	Læreplan2020 legg vekt på at elevar skal lære gjennom å vera aktive. Elevane ved Årdal skule er allereie ute i naturen og lærer, dette ynskjer vi å vidareutvikle. Vi arbeider med å få til UTEKULEKLASSEROM. Vi har allereie fått godkjenning av grunneigar og ber om midler til å realisere ein slik læringsarena. Vi reknar med å komme langt på veg med 95000kr til uteskuleklasserom.
Oppvekst	50 000	-	-	-	2500 Møbler til personalavdeling Toddler toppen.	Personalavdelingen på toddlertoppen treng nye møbler. Dei eksisterande er frå 2002 og ganske slitt. Prsis ca 50000
Oppvekst	50 000	-	-	-	2600 Fikse uteområdet	Etter avtale med Kenneth. Tipper det vil koste ca 50 000 kroner.
Oppvekst	40 000	-	-	-	2600 Nye møbler på pauserommet	Me treng nye møbler til pauserommet for å få eit betre estetisk utforming av rommet og til arbeidsmiljøet
Oppvekst	48 000	-	-	-	2600 Nye tripprapp stoler	Ønsker nye tripprapp stoler til barnehagen. Det blir ein kostnad på ca 48 000 for 16 nye stoler.

Det er fleire småsummar her som me tenkjer bør kunne handteras inna ramma til oppvekst og me oppmoder til intern prioritering.

### 5.3.3 Helse og Omsorg

Kommentarer frå Kommunalsjef Helse og omsorg:

*For helse og omsorgssektoren ser ein at den demografiske utviklinga samt oppgåveskyving frå stat til kommune vil ha stor betydning for tenestetilboda framover. Fleire tenestebrukarane har komplekse og samansette utfordringar som gjer at kravet til riktig fagleg kompetanse blir høgare, her av aukar behovet for spesialkompetanse innan fleire fagområde. Dette gjeld ikkje berre eldre, men og barn, unge og vaksne. Eit døme er krav om psykologteneste.*

*Det er utfordrande å rekruttere riktig fagkompetanse innan alle områder og med den demografiske utviklingas vil ikkje dette bli betre i framtida. Fleire eldre og færre yngre i aldersfør alder vil gjere at ein er nøydt til å sjå på moglegheita for å arbeide på andre måtar for å klare å yte tenester til kommunens innbyggjarar. Her må ein fortsette satsing på e- helse og velferdsteknologi som til dømes digital heimeoppfølging. Dette er ressurskrevjande både økonomisk og personell messig prosessar som tar tid å implementere.*

*Dagens organisering gjer det krevjande å drifte omsorgstenestene særleg med tanke på å klare å ha nok fagkompetanse. Ein annan faktor er auken i tenestebrukarar som har behov for ein til ein bemanning. Her ser ein særleg dette innan demensomsorga. Geografiske avstandar gjer det vanskeleg å nytte fagkompetansen på ein mest mogleg effektiv måte. Dette gjeld særleg i heimetenesta kor ein bind opp mykje høgkompetente ressursar på å for flytte seg mellom brukarane, men og innan andre områder som til dømes barnevern og psykisk helse.*

*Satsingar framover vil vere:*


- *Forebyggjande arbeid til menneskjer i alle aldersgrupper i samarbeid med andre einingar ( til dømes Aldersvennlig samfunn)*
- *Kompetanseheving*
- *Rekruttere og behalde arbeidskraft- sjå på moglegheit for å nytte annan kompetanse enn helsepersonell der det er mogleg ( oppgåvedeling)*

Rammene innan Helse og Omsorg


	Regnskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2022	2023	2024	2025	2026	2027
Helse og omsorg	92 528 005	98 057 142	101 078 419	99 222 419	99 145 442	99 145 442
3000 Helse og omsorg	1 316 591	4 597 536	6 276 393	4 776 393	4 776 393	4 776 393
3100 Hjelmeland omsorgsenter	29 387 489	30 328 638	32 008 873	31 768 873	31 691 896	31 691 896
3110 Tilrettelagde tjenester	4 034 158	5 735 876	3 593 890	3 593 890	3 593 890	3 593 890
3200 Årdal omsorgsenter	25 696 944	22 673 104	23 166 160	23 130 160	23 130 160	23 130 160
3300 NAV	3 956 803	5 394 500	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000
3400 Barn og familie	9 485 617	10 425 823	12 045 526	12 045 526	12 045 526	12 045 526
3500 Helse	18 650 403	18 901 665	18 987 577	18 907 577	18 907 577	18 907 577

Totalrammen for Helse og omsorg og Tal årsverk har økt relativt mye siden 2018 og me styrkar området ytterlegare i 2024


Dersom me ser på utvikling i årsverk innann sektoren så har det auke med 14 årsverk sidan 2015. Det ligg inne ei auke på nye 1,6 årsverk frå 2024




Dette viser og igjen på utvikling budsjett og rekneskap



Det er særskild omsorgssentra som er blitt styrka, men også tenester innan 3500 Helse har fått auka budsjetta




Omsorgssentra beskriv ein situasjon med stadig meir pleietrengjande bebuarar. Dette har med teke omsyn til fleire gonger og styrka bemanninga. Dette gjeld særskild Årdal omsorgssenter kor me har langtids plassar. Siste oversyn for samanhengen mellom lplos (tal for pleietyngde) og årsverk gir oss eit bilete av at auka i pleietyngda har begynt å flata ut




Det er gitt innspel til endå meir auke/ behov for årsverk innan sektoren enn det me har innvilga for 2024. Me ynskjer ein ressursgjennomgang innan Helse og Omsorg for å kartleggja om me kan gjera noko annleis.

Samanligna med andre kommunar er Hjelmeland den kommunen som har auka mest når det gjeld kostnader knytta til sjukeheim, utan at det er auka i tal bebuarar.



For heimetjenestar er det annleis, men her er det ei utfordring at kun køyretid til brukarar sluker eit årsverk fagkompetanse.



## Tiltak som er teke med

Kapittel	2024	2025	2026	2027	Tiltaksnavn	Beskrivelse
Helse	2 000 000	-	-	-	3000 ramme til 2024	Fri ramme til 2024, forberede omstilling
Helse	20 000	-	-	-	3100 Arbeidstøy	Behov for vinterjakker til heimetjenesten
Helse	245 045	245 045	168 068	168 068	3100 Dagsenter utviding av åpningstid	Utviding med 1 dag per veke vil utgjøre 40% stilling
Helse	- 20 000	- 20 000	- 20 000	- 20 000	3100 Dagsenter utviding av åpningstid	Auka egenbetaling dagsenter
Helse	80 000	-	-	-	3100 Medisin rom korttidsavdeling	Behov for midler til hyller/ benk/skap/kjøleskap til nytt medisinrom korttidsavdelingen I dag deles medisinrom med heimetjenesten , det blir for trangt og uoversiktelig. Vi legg medisin i dosett for 41 stk heimebuande
Helse	40 000	-	-	-	3100 Medisinsk teknisk utstyr	2 transportable traller med blodtrykks apparat og SPO2 til korttidsavdeling. Pasientene er stadig dårligere når de kommer inn, tilstanden endres raskt, og vi trenger enkel tilgang til skikkelig utstyr. Dette er også endel av å være klinobs kommune.
Helse	100 000	-	-	-	3100 Vaskedekontaminator	Nødvendig for å rengjøre bekken o.l på skikkelig måte på korttidsavdelingen. Den nåværende er gammel og stadig problemer med, nødvendig å skifte ut.
Helse	36 000	-	-	-	3200 EKG apparat	Flere tilfeller den siste tiden der tilsynslegen hadde hatt behov for at vi tok et EKG. Vi ønsker at beboerne ikke skal sendes vekk fra ÅOS men klare å behandle mest mulig på huset.
Helse	80 000	-	-	-	3500 Celleteller	Det trengs ny celleteller ved legekontoret.

Også i denne sektoren gjer me ei fri ramme i 2024 som kommunalsjef kan bruka i 2024 for særskilde behov, så må me bruka neste år til å sjå på heile sektoren og om det er mogleg å få til ei omstilling her også. Me vil ikkje ha økonomisk handlingsrom for berre å auka.

## Tiltak som det ikkje er funne rom for

Kapittel	2024	2025	2026	2027	Tiltaksnavn	Beskrivelse
Helse	80 000	-	-	-	3100 Møbler	Møbler til pasientrom på korttidsavdelingen. Utslitt og vanskelig å holde reint. 6 lenestoler og 6 småbord.
Helse	586 313	586 313	586 313	586 313	3100 Stilling som husassistent	Husassistent stilling for å avlaste pleiepersonell som da får frigjort tid til andre oppgaver.
Helse	570 000	570 000	570 000	570 000	3500 Miljøarbeider 50%	Hukommelsesteamet treng miljøarbeidar som kan bistå dei som bur heime. Dette er eit tiltak som vil gjer at me kan avlaste pårørande med særleg tyngande omsorgsoppgåver. Me ser at demente som bur heime åleine og ikkje har sine nære pårørande her i nærleiken er ekstra sårbare. Dei treng miljøarbeid for å kunne bu heime og ha ein god livskvalitet så lenge som mulig.
Helse	600 000	600 000	600 000	600 000	Psykologtenester	Omorganisering skal gi rom for å dekkja dette innen rammen til Helse og omsorg

#### 5.3.4. Samfunn og Næring

##### Samfunn og næring dekkjer

1002 Næringsliv  
1003 Den norske kyrkja  
1200 Kundesenter  
1300 Plan, utvikling og forvaltning  
5000 Kultur og fritid  
6000- Bygg og anlegg  
6003 Reinhald

Kommentarar frå kommunalsjef Samfunn og næring:

*2023 har vært første hele driftsår for Samfunn og Næring. Det har vært høgt aktivitetsnivå i alle einingar, og hovudfokus har vært effektiv ressurs og kapasitets utnyttelse, organisasjons gjennomgang og ressurskartlegging. Videre har målsetting vært å auke samarbeid på tvers av einingane i tillegg til fokus på god kommunikasjon og nyskaping.*

*Hjelmeland Naturlegvis er tatt inn i eksisterande drift. Satsing på reiseliv og lokalmat marknadsføring har fortsatt med gjennomføring av sommarmarknader, sommarkafe, Vamp konsert i Vågen og Gladmatstand, samt oppdatering av både Facebook og websider. For å kunne fortsette dette arbeidet er det lyst ut rammeavtale for markedsføringstjenester med fokus på reiseliv, omdømme og merkevarebygging.*

*Det er ansatt Rådgiver Bustad og Næringsutvikling for å kunne realisere bustadbyggingsstrategi og Vågen 360 prosjektet. Vi har tatt i bruk «Rogalandsmodellen» i samarbeid med Rogaland Fylkeskommune. Det har også vært gjennomført kartlegging av kommunale tomter og leiligheter. For å få igangsatt bygging av nye leiligheter har Formannskapet vedtatt å sette av 6 millioner kr som kan brukes å kunne til å redusere risiko for utbyggere. Videre arbeides det med å få oversikt over virkemidler som er tilgjengelig fra Husbanken. Målsetting for 2024 er å få igangsatt bygging av inntil 30 boenheter.*

*I løpet av 2023 har prosjektet med opprustning av Fiskerihavna utenfor kommunehuset blitt iverksatt. Dette forventes ferdigstilt innen utgangen av året.*

*Det har også vært fokus på å få ferdigstilt fleire utestående eiendomssaker og utbyggingsavtaler.*

*Samfunn og Næring har overtatt ansvar for salg av konsesjonskraft. Det lå tidligere hos kommunedirektøren. Det har blitt inngått både fastpris og flytende markedspris avtaler for 2024 og 2025. Dette gir høy verdiskaping for kommunen, men forutsetter oppfølging og markedsfokus.*

*Innen Plan og Forvaltning forventes arbeidet med ny planstrategi og revisjon av kommuneplanen å bli omfattende, i tillegg til arbeid med andre planer og saker. Mogleg eksproprierings sak av næringsareal på Viganeset vil også bli arbeidskrevende.*

*I 2023 har det vært stor aktivitet og mange kulturarrangement, og målsettingen for 2024 er å forsette dette arbeidet gjennom deltakelse på Gladmat, konsert i Vågen, utstillinger, turistkontor, sommarkafé, ferieaktivitetar for barn, sommer/julemarked. Videre e planen å halde fram moderniseringa av biblioteket samt opning av husmannsplassen på Fundingsland og betre sikring/kvalitet på lokal museumsutstilling*

*Hovudmål framover er å skapa et stadig breiare kulturtilbod i både kommunens eigen regi, og samarbeid med andre aktørar.*



*Innan Bygg og Anlegg har det gjennomført en ressurkartlegging og analyse av kapasitets utnyttelse . Kommunen overtok også drift av kyrkjegardane i januar 2023. Det ble også tilsett en ny leiar for eininga i februar 2023. Arbeidet med meir effektiv drift er godt i gang, og vil fortsette i 2024. Det skal også utarbeidast en vedlikeholdsplan for alle bygg.*

*Hovudutfordring framover vil være å kunne fortsette å levere gode resultat med dagens organisasjon og ressursar.*

Rammer for kommunalområdet

	Regnskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
<b>Samfunn og Næring</b>	<b>56 956 460</b>	<b>57 764 770</b>	<b>71 580 159</b>	<b>60 830 159</b>	<b>61 330 159</b>	<b>57 230 159</b>
1002 Næringsliv	4 317 278	4 399 900	12 147 445	5 647 445	5 147 445	5 147 445
1003 Den Norske Kirke	4 100 000	3 250 000	3 300 000	3 300 000	3 300 000	3 300 000
1200 Kundesenter	2 742 257	3 430 186	2 933 854	2 933 854	2 933 854	2 933 854
1300 Plan, utvikling og forvaltning	4 220 814	5 451 634	5 472 956	5 472 956	5 472 956	5 472 956
5000 Kultur og fritid	6 377 745	6 322 494	7 548 912	6 498 912	6 498 912	6 398 912
6000 Bygg og anlegg	25 972 892	26 123 943	31 874 671	28 674 671	29 674 671	25 674 671
6003 Reinhold	9 225 474	8 786 613	8 302 321	8 302 321	8 302 321	8 302 321

Ansvar 1002 ber kostnadane med satsing på bustadsutvikling. Desse tala frå den obligatoriske 1B oppsettet syner ikkje bruk av fond. Difor ligg 1002 så høgt i ramma for 2024, dette gjeld dei 6 mill som er avsett til garantiar til utbyggjarar.

Det har vært ein prosess for å få på plass kommunalområdet. Det har inkludert ei omorganisering, gjennomgang av prosessar og rutinar og endring av rapporteringslinjer.

Nå etter berre eit år ser me ei positiv effekt, det skjer mykje innan området og det er igangsett fleire utviklingsprosjekt som me trur vil gagna Hjelmeland samfunnet. Kommunalsjefen omtalar desse i kommentarane. På sett og vis er dette ei vidareføring av tidlegare Hjelmeland Naturlegvis og ideane som kom ut av den satsinga. Området kommer og inn på investeringar og er i tett dialog med prosjekt avdelinga.

### **Kulturavdelinga**

Seniortaxi auka budsjettet med kr 150 000 i kommunestyre sak 7/23. Det er lagt inn ei auke på kr 100 000, dei siste kr 50 000 bør det vera rom for innan ramma til kulturavdelinga.

Avsette årlege midlar som frivillige lag og foreiningar kan søka årleg støtte frå, har vore på kr 1 mill dei seinare åra. I tillegg har med faste avtaler med fleire av dei store foreiningane/laga. I ein omstillingsprosess bør størrelsen på støtteordningane vurderast.

